

«Inntil-vedtak» om sosialstønad er i strid med forvaltingslova og sosialtenestelova

Mange Nav-kontor har hatt praksis med å gjere “rammevedtak” eller “inntil-vedtak” om sosialhjelp, der det ikkje kjem nøyaktig fram kva beløp Nav vil utbetale. Arbeids- og velferdsdirektoratet har no slått fast at dei som får innvilga økonomisk stønad har rett til samtidig utmåling.

Arbeids- og velferdsdirektoratet er gitt fullmakt til å tolke sosialtenestelova, og dei presiserer i eit brev til Statsforvaltaren i Vestland 23. februar i år at Nav må fastsetje eit konkret beløp når dei innvilgar søknader om sosialstønad, og at Nav må utbetale dette beløpet. Direktoratet presiserer i brevet at: «Det er ikke adgang til å holde tilbake innvilget stønad.»

Videre skriv direktoratet blant anna: «Vi forstår det slik på henvendelsen at NAV-kontor har laget seg «praktiske ordninger» for å ivareta hensynet til brukers forutberegnelighet og effektiviteten til NAV-kontoret best mulig, men det kan ikke gå på tvers av hensynet til retten til utmåling og saksbehandlingsregler.» [Klikk her for å lese heile brevet frå Arbeids- og velferdsdirektoratet.](#)

I brevet viser Arbeids- og velferdsdirektoratet til ein Informasjonsmail som dei sende til fylkesmennene den 8. november 2020. I denne e-posten skriv dei mellom anna at: «For NAV-kontorene innebærer dette i praksis at søknad, om blant annet dekning av strømutgifter, egenandelstak eller tannbehandling, først kan vurderes når det foreligger nødvendig dokumentasjon på det faktiske stønadsbehovet og beløpet.» [Klikk her for å lese heile informasjonsmailen frå Arbeids- og velferdsdirektoratet.](#)

Direktoratet har også lagt den refererte teksten ut på navet, klikk her for å lese ei utskrift av teksten på navet.